



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 04.09.2015  
Vår ref.: 2015/8242-3  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/1500 - 15/8917

## Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - søknad om bygging av landbruksveg - gnr 36 bnr 5 - Håland - Radøy kommune

Viser til brev datert 11.08.2015 med sak til fråsegn, og til vårt brev datert 01.09.2015 med varsel om kulturhistorisk synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Arkeolog frå Hordaland fylkeskommune var på synfaring i det gjeldande arealet 03.09.2015. Det vart ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi. Det er difor ikkje trond for å gjere ytterlegare registreringar i området. Det er ei rekkje nyare tids kulturminne i form av steingardar og bakkemurar i området. Vi ber om at det så langt som råd vert tatt omsyn til desse under opparbeiding av feltet.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.